

MEDDELELSE

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 6

Desember 1938

36. årgang

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, dr. agr. Aasulv Løddesøl

KVA MYRFORSØKA VISER.

Av myrkonsulent Hans Hagerup.

6. PLANTEDYRKING PÅ MYRJORD.

FØR eg tar til med omtalen av dei ymse vekster skal først nemnast litt om myrjorda sine fysiske eigenskaper. Dei kjemiske er før omtala, men når det gjeld dyrkinga av dei ymse vekster, har myrjorda sine fysiske eigenskaper også mykje å segja.

På grunn av si opbygging mest av organisk materiale er myrjorda ei lett jord. Tyngda varierar alt etter planteslaget og kor tett ho er lagra, og etter det vil mosemyrane vera dei lettaste, og di tettare lagring di tyngre vert myra. Myrjorda har stor evne til å fasthalde vatn, også i det høve er det stor skilnad millom typerne, og den største evnen i so måte har mosemyrane. Fortorvingsgraden innverkar her i stor mun. Desse eigenskaper har mykje å segja for kor gjennomtrengeleg for vatn myrjorda er. Enhvidare har myrjorda liten evne til å leida varmen, denne vil mest verta lagra i det øvre laget og kann lite ieidast nedetter. Di turrare myra er, di minder er varmeleidningsevna. Med den store vasshaldande evne (vasskapasitet) som myrjorda har, vil også bortdunstinga av vatn verta stor. Med det følgjer at varme vert bunde. Sjølv om myrjorda på grunn av sin myrke farge kann binda mykje varme, vil denne jord, etter det som ovanfor er framhalde, vera ei kald jord. På grunn av sitt lægje vil ho alltid vera den jord som mest er utsett for nattefrost.

Desse tilhøve som her er nemnd fører med seg at valet av planteslag må rette seg etter det. Forsøka viser også at vekster som ikkje skal stå til mogning vert dei sikraste på slik jord, og di lenger mot nord og høgre op frå havet ein kjem, di meir framtredande vert dette.

Førvekstene (og div. hagevekster) vert dei sikraste på myrjord, difor skal dei omtalast først,



Fig. 1. Timoteieng på grasmyr.

Engvekster.

Både ved forsøksstasjonen og på spreidde felt omkring i landet er det utført mange forsøk med ymse engvekster i reinsådd og i blanding. I stutte drag skal resultata verte omtala:

Timotei har vist å vera det grasslag som gjenomgåande har gitt den største avling av dei prøvde grasslag i stuttvarig eng, 4—6 år. Dette har vore tilfelle både ved forsøksstasjonen og elles på felta ut-over landet. Den har halde seg bra utan større innblanding av andre grasslag, når berre den vert godt gjødsla, ikkje vert beita for sterkt og ved moderat håslått; avkastnaden har då halde seg bra oppe. Han er hardfør, men toler ikkje sterk beiting. På simplare myrtyper har andre grasslag til dels kome på høgd med timotei i avling, og serleg er dette tilfelle når enga vert eldre. Gjev eit godt høy med ganske høgt innhald av kvælefri emne og heller lågt innhald av protein i samanlikning med andre grasslag. Frø av eigen avl eller frå stader med liknande vekstvilkår bør ein halde seg til. Finsk timotei har stått likt med norskavla frø. Di vanskelegare veksttilhøve, di meir turvande er det at frøet er heimavla eller av lokalstamme. (Dette gjeld ikke berre for timotei, men og andre engvekster.) Sjølv om den er mindre beitesterk enn andre slag, bør den likevel medtakast i beiteblandinga, då veksten er god i dei fyrste åra.

E n g r e v e h a l e har vist seg både hardfør og varig og har gitt betre avling di eldre enga vert. Har på sine plassar gitt like god avling som timotei, serleg lengre mot nord og høgre over havet, då han treng stuttare veksttid. Går lett i legde, og vil då og ved sein slått verta mykje angrepe av rust. Han gir eit næringssrikt fôr når berre haustinga er gjort i rett tid.

E n g r a p p e r og varig og hardfør. I avkastnad står den langt tilbake for timotei, høver elles ikkje i stuttvarig eng. I eldre eng på god grasmyr vil engrapp gjerne bli den dominerande engplante ved sjølvsåd. Er eit sers godt beitegras. Næringsinnhaldet er ganske rikt.

R a u d s v i n g e l forheld seg ganske som engrapp. Gir mindre avling enn engrapp, gode stammer kann koma op imot denne. Hardfør og varig. Vild raudsvingel har lett for å breide seg både på gode og simplare myrtyper i eldre eng.

E n g s v i n g e l har gitt mindre avling enn timotei. Best har avlingen vore dei første åra. Går lett i legde. Bra beitegras med næringssinnhald omlag som timotei eller litt betre.

S v i n g e l f a k s har på enkelte felt gitt like stor avling som timotei, men har oftast vore underlegen (frø av dansk avl). Den har underjordiske rotutlauparar som gjer at den vil verta varig. Høver difor ikkje i stuttvarig eng, men på plassar som ikkje trengs pløyast om. Vil optre som ugras i åker i tilfelle det vert bruka i kunsteng. Stråstivt, gir eit noko grovt fôr.

S t r a n d r ø r forheld seg omlag som svingelfaks, har gitt mindre avling og gir grovare fôr. Høver berre på plassar der ikkje ompløyning må gjerast.

H u n d g r a s har gjeve svert liten avling. Det har vist seg lite hardført, toler lite av frost utan å ta skade. Stråstivt og gir ganske næringssrikt fôr. Går betre i mindre hardføre strok. Gir bra ettervekst, då det er tidleg ferdig til fyrste slått.

M a r k r a p p gir liten avling og er uvarig. Det er ganske næringssrikt. Går lett i legde.

R a i g r a s, **s t i v s v i n g e l**, **s a u s v i n g e l**, **h ø g h a v r e** og **k a m m g r a s** har alle anten vore for lite hardføre eller gitt so liten avling at dei av den grunn ingen verdi har i kunsteng på myrjord.

K v e i n har ikkje kunna konkurrera med timotei på god myr, men på enkelte simplare myrtyper har den stått på høgd med denne. Gir eit fint fôr, men har lett for å gå i legde. Viltveksande slag vil gjerne koma inn i eldre eng både på mosemyr og grasmyr. Vil gjerne koma inn under liten fosforsyretilgang. Viser eit ganske høgt næringssinnhald, men relativt lite melteleg proteininnhald.

R a u d - o g a l s i k e k l ø v e r har begge vist seg og vera usikre på molda grasmyr under skiftande vertilhøve vinter og vår. På mindre molda myr og i innlandsstrokk har kløver halde seg betre i enga, men

ikkje noko lenger tid. Derimot på kalka og sandkjørt kvitmosemyr har dei begge slått godt til og halde seg godt dersom vertihøve ikkje har vore for vanskelege. Raudkløver har gitt større avling enn alsikekløver i blandingar med timotei.

Kvitkløver vil vanskeleg gjera noko av seg på grasmyr, på mosemyr derimot vil den ofte koma inn ved sjølvstånd i eldre eng og gjera seg sterkt gjeldande. I beite på slik myr er den av stort verd. I beite på grasmyr synest den å ha vanskeleg for å koma vidare inn.

Engfrøblandingar.

Forsøk med ymse blandingar av grasslag har dei aller fleste vist at ingen grasfrøblanding har kunna slå timotei i avling i stuttvarig kultsteng, 4—6 år. Derimot har blandingar millom timotei og kløver stått over timotei sådd åleine. Største auke i avling har ein ved slik blanding fått på mosemyr (30—40 %). Ogso på grasmyr har vore bra auke, og samtidig med større avling vil kvaliteten verta betre av føret. På Aust- og Sørlandet har avlingsauken vore optil 10 %, opover Nordland har kløveren vore meir variabel og gitt mindre utslag i blandingen, til dels ingen.

Om frøblandingar kann neminast:

På grasmyr der kløver vanskeleg klarer overvintringa: 3 kg timotei.

På grasmyr under bra overvintringstilhøve:	2,5 kg timotei
	0,3 » raudkløver
	0,3 » alsikekløver
<hr/>	
	3,1 kg pr. dekar

Dette gjeld stuttvarig eng. Skal enga liggja lenger tid og der beiting ålement vert brukt på enga, eller hå vert slege, kann noko av timoteien verta utbytt med engsvingel og engrapp, på Sør- og Vestlandet kann hundgras ogso vera på sin plass å ta med der frost ikkje skader graset.

På sandkjørt og kalka kvitmosemyr:	2,5 kg timotei
	0,4 » raudkløver
	0,4 » alsikekløver
<hr/>	
	3,3 kg pr. dekar

til stuttvarig eng, 3—4 år.

Skal enga vara lenger og vert ho beita, vert medteke 0,3 kg engrapp + 0,3 kg engsvingel + 0,1 kg kvitkløver, og timotei kann reduserast med $\frac{1}{2}$ kg pr. dekar.

Er det ikkje dyrka kløver før på myra, bør ein anten tilføre kløverjord til smitting av myra eller og bruk bakteriekultur for kløver.

Også for kløver er det av stort verd å ha lokalstammer som er meir hardføre enn frø avla under sudlegare strok.

Attleggingsmåtar.

Ved forsøksstasjonen er samanlikna fleire attleggingsmåtar for eng. Med mogen kornavling og grønför som dekkvekst, og utan dekkvekst.

Den beste eng har det vorte ved attlegg utan dekkvekst, dinest etter tidleg hausta grønför, men avlingane har ganske fort jamna seg ut. Når det gjeld avkastnad i det heile, so har attlegg i mogen overset gitt største avling i fôrverd. So ulike som vekstvilkåra er i landet vårt, blir det spursmål um å nytta dei ulike måtar der det høver. På jord der ugraset lett vil kunne ta overhand (vassarv), vil det vera rettast å leggja att utan dekkvekst. For attlegget må ein leggja sers vekt på å få best mogleg smuldring av jorda, for på den vis fær ein jamnaste sánad og opspiring og dermed beste eng.

Såmengd.

Forsøka med ulike såmengder har vist at ulike mengder frå 2,3 til 6,3 kg av ein allsidig frøblanding ikkje har innverka noko på avlingsstorleiken på god grasmyr i álmen god kultur. Som regel vert bruka litt større mengd når ein sár blandingar enn når ein sár ublanda. Vanleg såmengd er omkring 3 kg pr. dekar til eng.

Slått og beiting.

Under gode vekstvilkår på betre myrar kann ein ofte få slå 2 gonger, eller 1 slått + beiting. På moosemyr eller simplare myrtyper vil det sjeldan verta nokon større håvekst. Samanlikning av timoteihøy frå ulike slåttetider for timotei, hausta ved aksskyting, ved bløming og 14 dagar etter bløming, har synt at det kvalitativt beste før er fått ved den tidlegaste slått, askerikast og rikast på protein. Den største høyavling er nådd ved seinaste slått, men därlegaste før. Håavlingen er stôrst etter fyrste slått. Slær ein svert tidleg, kann håavlingen haustast til silo eller turking til høy, ved seinare slått vil den oftast verta beita. Den høvelegaste slåttetid syner seg å vera å taka til ei tid før timotelen blømer, etter bløminga vil kvaliteten fort gå ned. Håslått verkar sterkt på etterfylgjande års avling, slik at den vert mindre enn om håen ikkje vart slege. Men håavling + fyrste slått vil som regel alltid verta nokon større enn berre ved ein gong slått. Håavlingen er so pass verdfull at den bør nyttast, men slåtten må gjerast so tidleg at graset kann få veksa noko til mot vinteren. Gamal hå vernar mot isbrann. I det heile må ein prøve på at enga ikkje vert altfor snau mot vinteren og ikkje stubbar for stutt. Verst vil det vera i strok med dei ublidaste veksttilhøve. Ved sterkare gjødsling vil ein kunna bøta på avlingsnedgangen ved håslått. 8 års forsøk med ulike slåttetider har vist sovore resultat (kg høy og turr hå pr. dekar):

	1. slått	2. slått	Sum
Timotei hausta ved aksskytinga	533	115	648
Timotei hausta ved bløminga	695	95	790
Timotei hausta 14 dagar etter bløminga	789	59	848

Grønfôr gir ogso gode og sikre avlingar på myrjord. Som grønffôrplantar er prøvd havre, bygg, grærter, vikker og lupiner både i reinsådd og i blanding. Havre har gitt den største avling av turrt grønfôr i reinsådd, og ein blanding millom havre og grærter på 18 kg havre + 6 kg grærter pr. da. gav 12 % høgre avling enn havre sådd åleine. Trass i at grønffôret må segjast vera eit dyrt fôr, og serleg der dei må kjøpa alt utsedet, so er det likevel eit verdfullt fôr og turvande på sine stader i skifte med andre plantar. Grønfôr, og serleg ertergrønfôr, er ein god vekst i kampen mot ugraset, rotugras, og kann her koma istaden for rotvekster på sine plassar; i slike høve er det rettast å bruke noko meir erter i blandingen og mindre havre enn som nemnt ovanfor, helst berre erter.

Bygg har gitt noko mindre grønffôravling enn havre, men elles hausta i rett tid like god eller betre kvalitet. Lupiner har ikkje slege godt til på grasmyr. Vikker saman med erter og havre har gått bra.

På nydyrka myr er det nødvendig å smitte jorda med smittejord for vedkomande belgplante (erter), eller og med bakteriekultur. Av smittejord brukar ein 1 lass matjord pr. dekar, då vil belgplanten trivast langt betre. Ein belgplanteavling vil alltid etterlate jorda i god stand for etterfylgjande avling.

Analyser av grønffôret viser at det er næringsrikt, havre inneheld 6 à 7 % protein og ca. 45 % kvæbefrie ekstraktemne, grærter omkring 20 % protein og 25—30 % kvæbefrie emne. Havre vakse saman med erter viser eit høgre proteininnhald enn den som er vakse ublanda, etter våre analyser for 4 år 1,65 % høgre, derimot er innhaldet av kvæbefrie emne lågare.

Der havrelusa er lei bør ein helst prøve bygg istaden for havre i grønffôrblandinga.

Etter dei forsøk som er utførde ved forsøksstasjonen so er den høgste avling av erter/havregrønfôr nådd ved sein såing (omkring slutten av mai) og ved å utsette haustinga til ca. 14 dagar etter havren har blømt, då har ein og fått den største næringsmengd pr. dekar. Kvaliteten synest ikkje gå nemnande tilbake ved ei slik utsetting med haustinga, men vertilhøva vil her innverka i høg grad. Undier andre tilhøve, når grønfôr er sådd som dekkvekst, blir ein nøydd til å ta grønffôret tidleg, for erter/havregrønfôr går lett i legde og vil då skade isåinga. Mot ugras er det om å gjera å få legde som kvæeler ugraset, og då er det bra å så grønffôret tjukkare enn vanleg.

Nepor og kålrot.

Rotvekstene høyrer til dei sikkreste vekster på myrjord, når berre ikkje innsektploga vert for sterk. I eit regelrett vekstskifte bør dei som regel vera med også på myrjord. Rotvekstene krev djupare arbeidt jord enn andre åkervekster, og skal resultatene bli bra t. d. på mosemyr, er det om å gjera at sand eller leir og kalk er blanda saman til vanleg plogdjup. Best går dei på eldre dyrkingar av grasmyr, men og bra på nybrot, om enn avlingane då vert noko mindre. Vanlegvis vert dei dyrka på drill, då reinhaldet då vil falle lettare. På flatland veks rotvekstene på grasmyr like bra.

Nepor og kålrot er av dei vekster som vert sådd sist om våren. Dei toler å stå lenge utover hausten om frost kann inntre no og då, derimot er dei meir ømtåleg om våren for frosten, og dessutan har dei lett for å gje «stokklauparar» (blømer fyrste år) i tilfelle dei vert sådd i rå og kald jord og spiringa går for seg under låg temperatur. Såtida vil soleis verta ulik i dei ymse landsluter ettersom veksttilhøva er. Om ein sår medan telen sitt i myra synest ikkje å ha noko å segja, når berre det er høg spiringstemperatur. Med omsyn til stokklauping so er det stor skilnad millom sortane i so måte. Fynsk bortfelder og kvit mainepe har lettast for å stokklaupe, medan Østersundom og kålrot går mindre i stokk. Den beste såtida ved forsøksgarden har vore 20.—30. mai.

Dei beste sortar har vore Fynsk bortfelder, kvit mainepe og Østersundom. Desse har gitt 10—12 % høgre avling i förverde pr. dekar enn Dales hybrid. Den siste er ein sort som er mykje brukta, men den har ikkje her vore betre med omsyn til rotning enn dei andre, snarere därlegare. Med omsyn til det prosentiske innhald av turremne, so har kvit mainepe stått best med 10—12 %, Dales hybrid 9—10 %, Fynsk bortfelder 8—9 % og Østersundom ca. 8 %. Kvít mainepe er tidlegast ferdig. Kålrot har vore underlegen i avling samanlikna med neporne. På myrjord har denne lett for å verta opeten av kålfluge-larva (*Cortophila brassicae*), og desse angrep vil gjerne vera so sterke at kålrot ikkje bør dyrkast noko større på myrjord. Trondheims kålrot har stått bra. Neporne vert langt mindre angrepe av kålfluga, men heller ikkje dei går alltid fri. «Vattersot» har ikkje kålrøttene vore plaga av ved våre forsøk.

Det er nødvendig at ein ved uttynninng av rotvekstene rettar avstanden millom planterne etter sorten; kvit mainepe greider seg med ein avstand på 15 cm, medan Dales hybrid og Fynsk bortfelder som oftast treng 25 cm. Kålrot 20 cm.

Förbeter er prøvd ein del, men dei er meir varmeelskande enn neporne og har ikkje kunna konkurrera med dei her. Siste året (1937) var eit godt rotvekstår. Förbetene Barres og Eckendorfer gav begge omlag same avling, nemleg ca. 580 f.v. i røter pr. dekar. Fynsk bortfelder gav 737 f.v., av dette var 31 f.v. rotne ved optaking. För-



Fig. 2. Potet og hovudkål, Mæresmyra 1936.

beten hadde den store fordel at ingen var roten, og den bergar langt betre i dunge, dersom den ikkje frys. Førbeten er langt mindre froststerk om hausten enn neporne. Før-sukkerbeten viste større innhold av turremne, men gav små røter, so avlingen ikkje kom på høgd med dei vanlege beter.

Poteter.

På myrjord som ikkje er utsett for frost gir poteten store avlinger. På mange stader vil frosten øydeleggja graset meir eller mindre utover sumaren og dermed nedsettja avlingen. Potetgraset toler ikkje frost i noko vekststadium; men potetgraset tek seg fort opatt etter frost. Ved forsøksgarden har vi risikoen for frost i meir eller mindre grad i alle vekstmånader. Juli månad vil då vera den beste månaden i so måte, men sjeldan heilt fri for frost. Dei tidlegaste sortar har jamt over gjeve dei sirkreste avlingar. Dukker, Sharpes Express, Edzel Blue, Liverpool og Louis Botha har alle stått bra; den siste har ikkje stått so aller verst mot turråte tidlegare år, siste år var den ogso sterkt angrepe på riset, men lite på knollane. Graham har gjeve omlag like stor avling, men er mest utsett for turråte. Alpha og Parnassia har berga best mot denne sjukdomen. Samanlikna med poteter frå fastmark vil myrjordspotetene verta mindre turrstoffhaldig og ein må rekne litt større mengd til ei fôrverd. Poteten er ein god vekst på simplare myrtyper, dersom frossten ikkje er til hinder.

Grønsaker.

Hovudkål må gjødslast som til nepor. Den har gitt gode avlingar på betre myrar, men resultatet avheng mykje av korleis året er. I kalde år vil det oftest knipe med å fa faste hovud. Om våren toler dei unge kålplantarne lite frost, difor bør ikkje kålen plantast ut før dei verste frostnætene er over, her hos oss først i juni månad. Ofte er ein utsett for skade av myhanklarven, som vil øydeleggja planten like etter utplantinga. Å plante med kremarhus av papir rundt planten vil hjelpe her. Kålfuga vil og skade ein del, men ikkje sers mykje når elles stellet er godt. Ein må velja dei tidlegaste sortar. Trønder, Ditmarsker, Heinemanns jukjemp og Stavanger torg har vore gode sortar. Seinare sortar som Moens hvitkål og Blåtopp må ha lengre og varmare summar enn her til vanleg. Dei kann i gode år verta rett bra.

Blokmål er utsett for same insektangrep som hovudkålen. Den går elles svert godt på betre myrar når berre ikkje planten vert skadd av myhanken om våren. Sortar som Stor Dansk og Scheekuppe har gitt fin kål, Helios også bra, Pioner Original har derimot vore mykje angrepe av soppsjukdom.

Gulrot er ein vekst som går sers godt på molda myrjord, serleg grasmyr, og gir røter av god kvalitet. Av omsyn til å halde ugraset nede bør den dyrkast på ompløgd voll og helst bruke berre kunstgjødsel. Gode sortar er halvlang Nantes, som har gitt gode avlingar, Feonia er og god. Best til lagring er London torg (Chantenay) og Guerande, men har ikkje so god kvalitet som Nantes.

Raudbeter går bra, men må ikkje såast for tidleg, då den har lett for å gå i stokk. Av sortar er Improved Detroit god, bra er og flatrunde egyptiske og karmosinraud kule.

Pastinakk har gått bra, men gir mykje mindre avling enn gulrot.

Purre, reddikar og salat går også bra, løk har derimot gått mindre bra på grasmyr, sjalottløk har gått best.

Korn.

Myrjord er ikkje noko god kornjord, ho er kald og lite drivande. Dette på grunn av sine fysikalske forhold og sitt lægje. Det krevs større innsikt hos brukaren for å nå eit bra resultat av korndyrking på myr enn for anna jord. Men ved val av høvelege sortar, rett gjødsling og stell elles so kann kornet gi bra avkastnad, dersom frosten ikkje er til hinder for det.

Såtid. For å få lang nok veksttid er det om å gjera å få sådd tidleg, dermed vil ein få kornet tidlegare ferdig til skur om hausten, og det er av stort verd. Telen vil sitja lenge i myra om våren, men ein skal ikkje vera redd å så på tele, det har våre forsøk og røynsler

frå forsøka her vist. I mest alle år har vi havt tele i jorda ved såing av kornet. Ved så tidleg såing som først i mai her so vil ein alltid risikera vårfrost, men dei unge kornspirar har vist seg å tote ganske sterke frost då, utan å ta nemnande skade. Di stuttare veksttid, di nødvendigare med tidleg sånad, og likeso dei seinare sortar ein brukar. Eit 13-års resultat for havre og bygg viser:

Trønderhavre:

Sådd	1. mai	223 kg korn og 422 kg halm pr. dekar og år			
>	10. mai	211 » » 469 » »	—»—		
>	20. mai	171 » » 515 » »	—»—		

Trønderbygg:

Sådd	1. mai	182 » » 301 » »			
>	10. mai	182 » » 333 » »	—»—		
>	20. mai	172 » » 350 » »	—»—		

Det er størst utslag for havren, den er seinare enn bygget. Kornavlingen er størst for første såtid og tek av med utsetting av denne. Med halmen er det omvendt. For bygget har det for kornet ikkje vore nokon skilnad i denne periode for 1. og 2. såtid, men fordelen er likevel på den tidlege såtid si side, då ein her fekk gjort skuren tidlegare og fekk korn av betre kvalitet.

Kornsortar. Ved val av sort må leggjast serleg vekt på at sorten er høveleg tidleg for staden, og på kvæverike og godt molda myr må leggjast sterke vekt på at sorten har stivt strå, på mindre godt molda og kvævefatiig myr er legdefåren ikkje so stor. Dersom sorten skal brukast til attlegg til eng er det om å gjera at den skader issåinga minst mogleg i tilfelle åkeren går i legde. Tidlege sortar har her den fordel at ved tidleg skur får engfrøet god tid til å koma i vekst mot vinteren.

Av byggsortar har *Asplundbygg* gitt største avling i medeltal. Det treng noko lang veksttid og høver der det er noko lang frostfri veksttid. På godt molda myr høver det ikkje godt til attlegg, endå det er bra stråstivt; men når det går i legde har det liten evne til å reise på seg og difor vil engfrøet lett gå ut. *Maskinbygg* er ca. 8 dagar tidlegare enn *Asplund*. Det gir mindre avling, men eignar seg godt til attlegg i eng, då det er bra stråstivt, og sjølv om det går i legde skader det ikkje engfrøet serleg mykje. *Jotunbygg* er litt tidlegare enn *Maskin*, bra stråstivt og minst like foldrikt. Kornkvaliteten er ikkje so god som hos *Maskin*. *Vega bygg* og *Dønnnesbygg* har begge vist seg bra på myrjord, men er mindre stråstivt og har ikkje so god kornkvalitet som *Maskinbygg*, dei er like tidlege. Av nyare byggslag av *Asplundbygg*-typen har vi *Hersebygg* (*Vold forsøksgard*) og *Bonusbygg* (*Forus forsøks-gard*). Dei er meire stråstiv, Herse er noko tidlegare, og begge har betre kornkvalitet enn *Asplund* og kjem vel til å avløyse dette bygg-



Fig. 3. Perlehavre, Mæremyra 1936.

slaget. Sølenbygg (Statens forsøksgard for fjellbygdene) og Polarbygg (Holt forsøksgard) er dei tidlegaste og kann brukast der dei andre ikkje er sikre.

Havresortar. Av tidlege sortar har Nidar II vore bra; den er ikkje stråstiv. Noko seinare er Perlehavre som er litt seinare ein Asplundbygg. Den har ganske stift strå, men er noko småkorna. Dei nye sortar Ymer (Vold) og Merkur (Forus) er enno lite prøvd her, men synest å ha fordelar framfor Perle. Torshavre er for sein under våre høve, men den har stått høgst i avling i gode år. Den er for veik i strået. Kvit Odal, Arla og Kyttø er ganske stråstive og har gitt gode avlingar, men høver best der det er litt lang frostfri veksttid; det same gjeld Gullregn, som har gitt gode avlingar i gode år.

Rug, både haust- og vårrugg, høver godt på myrjorder der kvævetilgongen ikkje er for sterk, så den går i legde, då vil kornet verta dårleg utvikla og ofte vil frøinga verta dårleg. Tidlege slag bør veljast.

Kveite høver mindre godt på myrjord og går berre på dei beste myrslag med god kalkhalt og under veksttilhøve med høg varme i veksttida.

Bygg høver best på meir kalkhaldige myrjorder, havre og rug best på dei simplare myrtyper med mindre kalkinnhald.

Fylgjande meldingar omhandlar det som her er nemnt:

E n g d y r k i n g :

- J. Lende-Njaa:* Melding 1916/1917 og 1918/1919.
- A. Hovd:* Melding 1921/1922, 1928, 1933 og 1934.
- H. Hagerup:* Melding 1929/1930, 1934.
- H. Lunde:* Melding 1924, 1925/1926, 1927 og 1928 (Trysil).
- O. Sørlie:* Melding 1923.
- Johs. Narud:* Melding 1912—1915.
- A. Stamrud:* Melding 1916/17.

G r ø n f ö r :

- O. Glærum:* Melding 1908.
- J. Lende-Njaa:* Melding 1911, 1915.
- H. Hagerup:* Melding 1921/1922 og 1925/1926.

R o t v e k s t e r :

- O. Glærum:* Melding 1908 og 1909.
- J. Lende-Njaa:* Melding 1912.
- Johs. Narud:* Melding 1912 og 1913/1914.
- H. Hagerup:* Melding 1921/1922.

P o t e t e r :

- O. Glærum:* Melding 1908 og 1909.
- H. Hagerup:* Melding 1925/1926.

G r ø n s a k e r m. v. :

- O. Glærum:* Melding 1908.
- J. Lende Njaa:* Melding 1910.
- H. Hagerup:* Melding 1921/1922.

S å t i d o g y m s e k o r n s l a g :

- O. Glærum:* Melding 1908 og 1909.
 - J. Lende-Njaa:* Melding 1910, 1911, 1912, 1913/14 og 1920.
 - P. J. Løvo:* Melding 1913/1914.
 - A. Hovd:* Melding 1923.
 - H. Hagerup:* Melding 1924.
-

MYRDYRKING (litteratur).

Kali-Import A/S, Oslo, har i år sendt ut en grei brosjyre om myrdyrking forfattet av konsulent E. Gjelsvik. Da det sikkert er flere av dette tidsskrifts leser som vil ha interesse av å studere brosjyren, kan vi meddele at denne fåes gratis ved henvendelse til Kali-Import, adr. postboks 622, Oslo.

Aittikkelsen «Kva myrforsøka viser» av forsøksleder Hagerup og assistent Hovd, som har gått i selskapets tidsskrift i inneværende år, er også utkommet i særtrykk. Alle som er interessert i denne serie, vil kunne få særtrykk fritt tilsendt ved henvendelse til Det norske myrselskaps forsøksstasjon, adr. Mære st., eller til Det norske myrselskaps hovedkontor, adr. Rosenkrantzgt. 8, Oslo.
